

Pkt. 1 Formål

Ordninga skal legge til rette for produksjon og formidling av kunstprosjekt av høg kunstnarisk kvalitet. Ordninga skal bidra til meir kunnskap om og interesse for kunst i offentlege rom.

Pkt. 2 Kva kan ein söke om?

Statlege, regionale og lokale styresmakter, kuratorar, produsentar og kunstnarar kan söke om tilskot til kunst, mellom anna til:

- forprosjekt (planlegging og utvikling av kunstprosjekt)
- produksjon av planlagde kunstprosjekt
- formidling av kunstprosjekt

Pkt. 3 Søknadsfrist

Utlysinga blir publisert på nettsida til KORO. Det er éin søknadsfrist i året, normalt 1. februar.

Pkt. 4 Krav til söknaden

Ein må nytte elektronisk søknadsskjema. Søknaden skal mellom anna innehalde:

- opplysningar om prosjektansvarleg
- opplysningar om eigarforhold, drifts- og forvaltningsansvar
- prosjektplan som viser framdrift og budsjett med dokumentert finansieringsplan
- plan for organisering, drift, formidling og dokumentasjon av kunstprosjektet
- eventuell skildring av behov for produsentbistand

Pkt. 5 Søknadsbehandling

Søknadene blir behandla av eit sakkyndig utval nedsett av KORO. Utvalet består av tre kuratorar frå staben til KORO.

Pkt. 6 Tildelingskriterium

Ved vurdering av søknadene blir det lagt vekt på:

- høg kunstfagleg kvalitet
- kunstnarisk, kulturelt og geografisk mangfold
- produksjons- og formidlingsformer som involverer fleire samarbeidspartnalar og publikumsgrupper

Pkt. 7 Vedtak

KORO skal informere søkerar skriftleg om vedtaket, og grunngi avslaget.

Pkt. 8 Klagetilgang

Ein kan klage til Kulturdepartementet på feil ved saksbehandling, rettsbruk og faktagrunnlag. Ein kan ikkje klage på den kunstfaglege vurderinga. Klagefristen er tre veker frå meldinga om at vedtaket er komme fram. Klagen skal sendast til KORO.

Pkt. 9 Gjennomføring

Gjennomføringsmodell varierer avhengig av type kunstprosjekt og samarbeidande instansar. I kunstprosjekt der KORO er produsent, blir prosjektleiar normalt utnemnd av KORO. Som produsent har KORO ansvar for prosjektleiing, organisering, formidling og dokumentasjon av prosjektet. KORO tar hand om dei sikkerheitsmessige, tekniske og faglege rammevilkåra for produksjonen.

Pkt. 10 Rapportering og utbetaling av tilskot

Mottakaren av tilskotet skal seinast tre månader etter at tiltaket er gjennomført, sende inn ein rapport om gjennomføringa av tiltaket med rekneskap. Tilskotet blir utbetalt i to rundar: 90 prosent når prosjektansvarleg har underteikna på eit eige godkjenningsskjema for KORO sine vilkår for løyvinga, og 10 prosent etter at endeleg rapport er godkjend av KORO.

Pkt. 11 Endringar av føresetnadene

Ved endring av prosjektet eller føresetnadene i produksjonen kan KORO revurdere tilsegna. Dersom mottakaren ikkje nyttar tilskotet etter føresetnadene, kan KORO krevje at utbetalte tilskot blir betalt tilbake.